

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

REVISJONSUTTALE – Radøy Kommune – turveg ved Manger - ANLEGGSNR 54749

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdera at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med Kultur-departementets retningslinjer i rundskriv V-0732.

Samla totalsum for anlegget pr 11.10.2018 er kr 447.408.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- a) at inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene med rett til tilskot
- b) at oppført sum for meirverdiavgift tilsvarar faktisk betalt meirverdiavgift
- c) at utgiftene er attesterte og tilviste av personar med dei naudsynte fullmaktene
- d) at inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er gjort frå den kontoen som er oppgitt for dette føremålet
- e) at det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og drift
- f) at verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med retningslinene for verdsetjinga av desse postane og i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen
- g) at dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- h) at rekneskapssamandraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

- a) Rapporterte kostnader vedkjem anlegget og består av utgifter som gir rett til tilskot etter V-0732.
- b) Oppført sum meirverdiavgift tilsvarer faktisk betalt meirverdiavgift.
- c) Utgiftene er attestert og tilvist.
- d) Inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget er gjort frå Radøy kommune sin bankkonto.
- e) Vi har ikkje avdekkja driftskostnader i dei bilaga som inngår i prosjektet.
- f) Administrasjonspåslag er ført som dugnad.
- g) Ingen merknader.
- h) Kontrollert rekneskap er i samsvar med signert rekneskapssamandrag.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordland fylkeskommune og anleggseigar.

Isdalstø, 18.12.2018
NORDHORDLAND REVISJON IKS



Elin Bye
Kst. revisjonssjef

Gjenpart: Radøy kommune